

ELEVBRIF

Elevane på 7. trinn har kvart år samla inn pengar til skuletur til Bergen. Vi har dei siste åra prøvd å organisere dette som ei lita elevbedrift, der elevane kan få trening i å

- kunne sjå ressursar, behov og mogelegheiter i sitt eige nærmiljø
- tenkje og jobbe kreativt
- samarbeide og fungere i team
- stole på seg sjølv
- utnytte eigne kunnskapar, erfaringar og nettverk

Gjennomføringa av **Elevbedrift** har størst fokus det skuleåret elevane har mat og helse og dei brukar både skuletid og noko fritid. Elevane vil kunne halde fram med elevbedrift også på 7. trinn dersom dei er motiverte for dette.

Skuletid som har vorte brukt :

Mat og helse: 2,5 t/v

Elevbedrift: Nokre timar fleksibelt (tverrfagleg) i løpet av året.

Fritid som ein kan rekne med brukt

Marknad ved Verket i september

Dugnad i september (vaflar m.m.)

Julemarknad (grautsal) / evt sommarmarknad med matsal – oppmøteplikt for alle elevar, men ekstra for desse elevane.

Open skule (betasuppe e.l.) – oppmøteplikt for alle elevar, men ekstra for desse elevane.

Andre arrangement som måtte komme til (vi har år om anna fått førespurnader som har skaffa inntekter)

Elevbedrift dekkjer kompetansemål i mellom anna norsk, matematikk, samfunnsfag, mat og helse og kunst og handverk.

Elevane får sjølv nytte og glede av pengane på sin eigen tur til Bergen i mai. Dei vil også kunne få råderett over eit eventuelt overskot.